

ÅRSRAPPORT



Vest Næringsråd

Vi fremmar næringslivet sine interesser!

Relevant

Attraktiv og oppdatert medlemsorganisasjon

Kompetanse

Pådrivar for riktig kunnskap i næringslivet

Rammevilkår

Stemme mot offentlege myndigheiter

Utvikling

Bidragstytar for å sikra vidare omstilling og vekst

Styret

Styreleiar

Øyvind Langedal, Solidenergy

Styremedlemmer

Gert Chr. Strindberg, Fabtech
Arild Bøthun, Sartor & Drange
Marianne Furheim, Straume Mesterbygg
Anja Moen Arefjord, Vex Gruppen
Monica Gudmundsen, ACOS
Trond Helge Nyegaard, Sotra Fiskeindustri

Varamedlemmer

Bernth Torsvik, Software Control
Grethe Bjørøy, Live2Learn



Administrasjon

Dagleg leiar

Kari-Anne Landro

Kommunikasjonsansvarleg

Anders Ekanger



Medlemmar

Stabilt medlemstal på ca. 370 bedriftsmedlemmer.

Samarbeidsavtalar på 3 nivå i tillegg til medlemsskap. Omlag 25 slike avtalar i 2023.



Året 2023

Styret sine perspektiv

Gjennom året har det vore knytt spenning til korleis næringslivet ville bli påverka av prisstigning, aukande rentenivå og andre rammevilkår som skattepolitikk og framleis krig i Europa. Lokalt ser vi at næringslivet er råka ulikt og det er variasjon mellom bransjane. Det har vore spesielt fokus på bygg- og anleggsbransjen og bekymring for eit kompetansegap på sikt, fordi arbeidskraft forsvinn over i andre næringar.

Det var ein stor milepæl då første spadetak for nytt Sotrasamband var sett i jorda. Gjennom året har vi sett fleire og fleire gravemaskiner og anna utstyr langs heile vegstrekinga. Dette gjev også arbeid til ein del lokale bedrifter. På sikt, når sambandet står ferdig, vil det gje ein ny kvardag og nye moglegheiter for samfunns- og næringsliv.

På energifronten ser vi at medlemsbedrifter er involvert i små og store prosjekt for å møte eigne behov for energi, utforske lokale, sirkulære prosessar eller direkte synergieffektar av storsatsinga med mottaksanlegg for CO2.

Eit viktig verktøy for utviklinga innan mange bransjar er kommuneplanen sin arealdel. Planlegging av arbeidet med ny plan er så vidt i gong og Vest Næringsråd jobbar for at næringslivet skal bli involvert i tidleg fase.

Det er mykje som skjer i næringslivet i og rundt Øygarden, både på land og i sjø. På Øygardskonferansen 2023 sette vi fokus på korleis mange bedrifter samarbeider og er avhengige av kvarandre for å levere kvalitetsprodukt til kunden. Kvar einaste etablering, stor eller liten arbeidsplass, skapar positive ringverknadar for samfunnet.

Nettverk og relasjonar er eit viktig grunnlag for godt samarbeid. Vest Næringsråd har i 2023 jobba med forankring i 4 strategiske hovudmål:


- **Relevant** – attraktiv og oppdatert medlemsorganisasjon
- **Kompetanse** – pådrivar for riktig kunnskap i næringslivet
- **Rammevilkår** – stemme mot offentlege myndigheiter
- **Utvikling** – bidragsytar for å sikre vidare omstilling og vekst

Styret og administrasjonen ønsker å takke medlemmane for stort engasjement. Enten det er deltaking på medlemstreff og møteplassar, deling av kompetanse gjennom faglege innlegg, eller innspel til saker som er viktige å løfte opp og fram.

Relevant

Attraktiv og oppdatert medlemsorganisasjon


Nettverk handlar om relasjonar. Relevante møteplassar legg til rette for gode relasjonar og samarbeid, samtidig som det gjev fagleg påfyll gjennom deling av kunnskap om aktuelle saker.



Januartreff 2023

Korleis blir 2023 for næringslivet i Øygarden?

- Mindre optimisme, framleis høg sysselsetting
- Samarbeid for bærekraftig utvikling, motivasjon, prosjekt hjartestartar



Marstreff 2023

Er det sant at robotane stel arbeidsplassane våre?

- Robotisering, automatisering, digitalisering
- 3D-printing, kunstig intelligens, framtidens arbeidskraft, Energimessa



Maitreff 2023

Sjøutsikt på Vindenes og deilig grillmat

- Inkluderande jobbdesign, arbeidskraft frå Ukraina
- Energiplan, openheitslova, kvitvasking



Augusttreff 2023

Pangstart på haustsesongen

- Digitale angrep, trusselbilde mot bedriftene
- Moderne leiarskap, kommuneval; debatt om samferdsel og utvikling

Andre møteplassar i 2023

FRUKOSTMØTE Med marin næring på Liaskjæret, i samarbeid med Liegruppen. Fisk, havbruk og finans!	ONE OCEAN WEEK Visjonar frå havet om bord i Vision of the Fjords, kor medlemmer viste fram prosjekt for berekraftig sjømatindustri i Øygarden. I samarbeid med Øygarden næringsutvikling og NCE Seafood.
FRUKOSTMØTE Byggestart for Sotrasambandet og kva moglegheiter det kan gje lokalt næringsliv.	OTD ENERGY Stand saman med Øygarden kommune og Øygarden næringsutvikling. Fremja lokal Leverandørindustri i Øygarden og synleggjere nye satsingar.
FRUKOSTMØTE Fokus på byggebransjen for å avdekke status lokalt. Kortvarig brems eller krise? Oversikt over offentlege prosjekt.	DIALOGMØTE I samarbeid med Øygarden kommune. Innspel frå næringslivet til Parallelloppdrag Stovevatnet og bustadsosial plan.
FRUKOSTMØTE Økonomi, i samarbeid med KPMG. Tips til årsoppgjer for 2023. Kva ventar i 2024?	DIALOGMØTE Om reiseliv og mogleg ekstremспортveke, i samarbeid med Øygarden kommune.
JOBBMESSER For flyktningar i samarbeid med Øygarden kommune og NAV. «Speed-dating» med lokale bedriftr som treng arbeidskraft.	ETABLERARDAGEN Fagdag for nye og etablerte bedrifter, i samarbeid med Etablerersenteret. Støtteordningar, rådgjeving, innkjøpsordningar og digital marknadsføring.

Nettverksarbeid handlar også om å bli synlege for kvarandre, for marknaden og dei vi ønsker å påverke for å oppnå gode rammevilkår.

- ✓ **57 artiklar på nettsida**
- ✓ **35 nyheitsbrev**
- ✓ **121 innlegg i sosiale media**



REKKEVIDDE I 2023

Gjennom nyheitsbrev, nettsider og kanalane våre i sosiale media løftar vi fram medlemsaktivitet og aktuelle saker som er viktige for medlemmane våre.

Nyheitsbrevet når ut til meir enn **1100** mottakarar.

Innlegga våre i sosiale media har i 2023 hatt meir enn **200 000** eksponeringar.

Kompetanse

Pådrivar for riktig kunnskap i næringslivet

Sidan 2022 har det vore etablert ei ressursgruppe for skule og næringsliv. Her møtest representantar frå næringslivet og skulesektoren.

Gruppa bidrar med verdifulle innspel og kompetanse. Det er med å sikre at vi jobbar med dei riktige Proplemstillingane, i arbeidet med å sikre nok og relevant kompetanse for næringslivet.

I 2023 har gruppa hatt fokus på oppfølging av behovsundersøkinga frå hausten 2022 og tettare kopling mot grunnskulen.

Ressursgruppe skule og næringsliv

Marianne Furheim
Peder Torsvik
Per C. Aarsand
Ingvild Johannessen
Olav Lee
Erik Henneli
Hanne Misje Lokøy
Marius Flesland Sylta
Kari-Anne Landro

Straume Mesterbygg
Torsvik Elektro
Pitstop Norge
Sotra Gruppen
Sotra vidaregåande skule
Sotra vidaregåande skule
Øygarden næringsutvikling
Øygarden kommune
Vest Næringsråd

Aktivitetar

Vest Næringsråd har gjennom året vore involvert i ei rekke rekke aktivitetar for tettare kopling mellom næringsliv og utdanning, blant anna:

- Medarrangør for Energimessa for skuleelevar
- Arbeidskraft og kompetanse som tema på Øygardskonferansen
- Tilrettelegging for at skuleelvar deltar på Øygardskonferansen
- Skulebesøk
- Deltaking på yrkesmesse
- Deltaking på stormøte i Kompetanseforum Vestland
- Kopling mellom vidaregåande opplæring og gründerar
- Dialog med sosiale entreprenørar
- Samarbeid om jobbmesse for flyktningar



– Det blir veldig gøy og spennande å vise fram det vi har laga til Energimessa, seier Jørgen Bergsvik Hatløy, 5. klassing på Knappskog skule. Frå venstre: Elise Brekke, Tiril Olderkjær Rabben, Natalie Wilhelmsen Skår, Jørgen Bergsvik Hatløy og Fredrik Bergsvik Hatløy.



– Vi skal vere berekraftsekspertar

Rammevilkår

Stemme mot offentlege myndigheiter

I 2023 vart det etablert ei ny ressurguppe i regi av Vest Næringsråd. Ressursgruppa er ein møteplass mellom representantar frå næringslivet og sentrale representantar frå kommunen innan nærings- og samfunnsutvikling.

Samfunnsplanen til Øygarden kommune har mål om fleksible og tilgjengelege areal på land og i sjø. Dette blant anna for å sikre god tilgang på bustadar og å styrke Øygarden som attraktiv næringskommune. Suksesskriterium for å nå desse måla er:

- effektive plan- og byggesaksprosessar
- imøtekomande og løysingsorientert sakshandsaming

Ressurguppa drøftar problemstillingar, synleggjer forbetringsspunkt og legg til rette for at viktige samfunnsoppgåver kan løysast i fellesskap.

Ressursgruppe utvikling

Arild Bøthun	Sartor og Drange
Astrid Aag	Sartor Holding
Roy-Eddy Lie	Liegruppen
Vibeke Frøyseth	Harris
Jan-Dagfinn Lund	CCB
Øyvind Blom	Blom fiskeoppdrett
Silje Haukedal	Øygarden kommune
Hanna Gjesdal	Øygarden kommune
Reidun Våge Danielsen	Øygarden kommune
Hanne Misje Lokøy	Øygarden næringsutvikling
Kari-Anne Landro	Vest Næringsråd

Aktivitetar

Vest Næringsråd har gjennom året vore involvert i ei rekke rekke saker for å påverke næringslivet sine rammevilkår. Vi har sett saker som gjeld rammevilkår på agendaen gjennom arrangement og dialogmøte. Vi har løfta problemstillingar gjennom høyringar eller direkte møte med offentlege aktørar.

Vest Næringsråd har jamnleg dialog med Øygarden kommune, både administrativt og politisk. I 2023 har vi engasjert oss i arbeidet som næringsføretaket og kommunen har sett i gang under overskrifta «Næringsvenleg kommune».

Vi inviterete til debatt i forkant av kommunevalet. Etter valet delte vi våre perspektiv på den nye politiske plattform, blant anna med fokus på:

- Arbeid med kommuneplanen sin arealdel
- Fleksible arealformål for å oppnå berekraftig vekst og utvikling
- Kommunen som næringsvenleg innkjøpar
- Kapasitet og kompetanse for framtidens arbeidskraft
- Infrastruktur



Fem-partis fleirtalet fekk fornya tillit i Øygarden, og vil samarbeide vidare. Frå venstre: Svein Bergh (Sotralista-TVØ), Ingvill Kvalsnes Blom (KrF), Nils Kåre Skoge (H), Tom Georg Indrevik (H), Elisabeth Toft Erichsen (V) og Anita Gartlid Johannessen (Frp)

Kommentar: Dette forventar vi av dei folkevalde dei neste fire år

Næringsalliansen

Vest Næringsråd er ein del av Næringsalliansen, som er eit samarbeid mellom 17 næringsforeningar i Vestland fylke. Alliansen har 4 hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, regionalt og nasjonalt.
- Fellesorganisert talerøyr ovanfor Vestland fylkeskommune.
- Samla i utvalde saker, høyringsinstans regionalt og sentralt.
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling.

Nokre saker frå 2023:

- Høyringsuttale regional plan for fornybar energi.
- Uttale om temaplan for breiband og digitalisering.
- Ope brev til stortingsrepresentantane frå vestlandsfylka knytt til framlegg om endringar i opplæringslova.
- Pressemelding med kommentar etter fylkestingsvalet, spesielt knytt til manglande satsing på samferdsel og vedlikehald av fylkesvegnettet.
- Oppretta kontakt med Aksjon for norsk eigarskap og deira arbeid med å få fram konsekvensane av formueskatten.
- Engasjement rundt fleire utviklings- og forskingsprosjekt.



Utvikling

Vidare omstilling og vekst

Øygardskonferansen er blitt ein viktig arena for å løfte blikket mot framtida. I 2023 var temaet inspirert av berekraftsmål nummer 17, då 340 deltakarar var samla under overskrifta «Saman om noko større».

- 🔗 Slik løftar vi kvarandre gjennom samarbeid
- 🔗 Slik kan vi samarbeide om kompetanse og arbeidskraft
- 🔗 Slik møter vi energiutfordringane saman

Stor oppslutning, positive tilbakemeldingar og gode Støttespelarar er viktig for gjennomføring av konferansen. Sparebanken Vest, Øygarden kommune og Equinor var også i 2023 viktige økonomiske bidragsytarar.



Partnerskapsavtalen med Øygarden kommune var også i 2023 eit viktig verktøy for å samarbeid om å synleggjere regionen og næringslivet sine fortrinn. Det bygger opp under måla i samfunnsplanen til Øygarden kommune. Vi samarbeidde om fleire arrangement og prosjekt. Nokre av arrangementa er lista i oversikta over møteplassar.

Sidan partnerskapsavtalen følgjer valperioden vart det også gjennomført ei evaluering av avtalen, kor vi delte våre perspektiv med Øygarden kommune. I konklusjonen peika vi blant anna på at tempoet i samfunns- og næringsutviklinga aukar som følgje av den teknologiske utviklinga. Samtidig set nasjonale og globale vilkår knytt til energi, økonomi, berekraft og omstilling nye krav til oss alle. Det krev ny kompetanse og nok kompetanse til næringslivet. Det gjeld også offentlege arbeidsplassar. Det krev at vi klarar å bruke kompetansen og krafta i eksisterande næringsliv til å utvikle nye løysingar som møter dei nye vilkåra og sikrar arbeidsplassar for framtida. Det krev samarbeid.

Vest Næringsråd meiner at eit godt og strukturert samarbeid gjennom ein partnerskapsavtale mellom Øygarden kommune og Vest Næringsråd, byggjer opp under dette og vil vera minst like viktig i tida som ligg framfor oss.

Vest Næringsråd har også drifta Gründerparken Vest i 2023, i tett samarbeid med huseigar. Det er oppretta tettare kontakt med Etablerersenteret for å få mest mogleg effekt av dei to tiltaka. Vi arrangerte ein vellukka Etablererdag i oktober, kor nesten 100 personar var innom i løpet av dagen.

Usikre rammevilkår som høg rente og prisvekst i kombinasjon med framleis relativt låg arbeidsløyse i 2023 kan vera årsaka til at ein ser noko lågare tilfang av nye gründerar. Andre gründermiljø melder om den same opplevinga.

Drift av Gründerparken Vest er også ein avtale som følgjer valperioden. Ei styringsgruppe av folkevalde, representantar frå gründerane og Vest Næringsråd gjennomførte ei evaluering. Dei vurderte også forbetnings- og utviklingsmoglegheiter, blant anna sett i lys av konjunktursvingingar, samfunnsutvikling og lokale behov. Styret i Vest Næringsråd gav også ei uttale som vart oversendt Øygarden kommune.

Sitat frå hovudkonklusjonen:
Vest Næringsråd er positiv til å vera med å ta tak i forbetningspunkt, vera eit «lim» inn mot andre aktørar som støttar opp om gründerkap og utvikle konseptet Gründerparken Vest vidare i takt med behova til samfunnet.



Frå venstre: Alexander Sekkingstad - EnergiOptimal Vest, David Jørgensen - iBalance, Aleksander Helmersberg - MillaSays, Tor-Fredrik Friis - Lamor og Janne Havneraas - DiggMarketing.



Har du planar om å starta for deg sjølv?

Utdeling

Stormfondet, årets bedrift og årets fyrtårn

Stormfondet

Det verdifulle samarbeidet med Sparebanken Vest om tildeling av Stormfondet vart vidareført i 2023. Kriterier for årets tildeling var:

- Bedrifter lokalisert i Øygarden, eller bedrifter som har prosjekt med utspring i regionen
- Nyskapande prosjekt som bidrar til grøn omstilling eller sosial innovasjon vil bli vektlagt
- Samarbeider de med andre aktører om nyskapande prosjekt? Send gjerne inn ein felles søknad

Etter ein søknadsprosess og vurdering basert på kriteria vart Stormfondet utdelt på Øygardskonferansen, til tre verdige vinnarar.

- **Grøntponics AS** kr. 200 000,- + promoteringsfilm
- **PitStop Norge** kr. 150 000,- + promoteringsfilm
- **Cirka AS** kr. 150 000,- + promoteringsfilm



Årets bedrift

I samarbeid med Nordea vart prisen for årets bedrift tildelt under årsfesten.

50-årsjubilanten **Solidenergy** er årets bedrift i 2023!

Prisen blir gitt til ei bedrift som bidrar til å styrka og utvikla næringslivet i Øygarden. Solidenergy er ein av dei største i Norden på vedlikehald av oljeinstallasjonar, kraftanlegg og bruer. I grunngjevinga frå juryen vart det dratt fram at vedlikehald betyr å bevare eller tlbakeføre eit objekt tilbake til ein tilstand der den kan oppfylle naudsynte funksjonskrav. Vedlikehald er berekraft!



Årets fyrtårn

I samarbeid med Sparebank1 SR-bank vart prisen for årets fyrtårn tildelt under årsfesten.

Kurt R. Andreassen er årets fyrtårn i 2023!

Formålet med prisen er å heidle ein person, som gjennom sitt selskap eller organisasjon har hatt ei positiv betydning for regionen. Kurt har hatt rollar i fleire bedrifter og organisasjonar, og jobba for vekst og næringsutvikling. Lengst fartstid har han frå CCB! I grunngjevinga frå juryen blir han skildra som konstruktiv, reflektert, løysingsorientert, gjennomgåande hyggeleg og nysjerring på menneske som han møter.



Økonomi

Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2023 er lagt ved årsrapporten. Styret meiner den gjev eit rettvise bilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Alle føresetnaer er oppfylt for framleis drift av organisasjonen. Årsrekneskapen er sett opp under denne føresetnaden.

Vest Næringsråd har ei verksemd som ikkje påverkar ytre miljø på ein slik måte at det er laga ei eiga miljørapportering.

Straume 14. mars 2024

Øyvind A. Langedal
Styreleiar

Gert Chr. Strindberg
Styremedlem

Marianne Furheim
Styremedlem

Arild Bøthun
Styremedlem

Anja Moen Arefjord
Styremedlem

Trond Helge Nyegaard
Styremedlem

Monica Gudmundsen
Styremedlem

Kari-Anne Landro
Dagleg leiar

Dette dokumentet er signert av:

Anja Tanita Moen Arefjord

20.08.1977

Signert: 03.04.2024 12.55

Signert med BankID

Kari-Anne Landro

01.08.1976

Signert: 02.04.2024 16.50

Signert med BankID

Øyvind Atle Langedal

07.07.1965

Signert: 02.04.2024 22.23

Signert med BankID

Arild Bøthun

27.03.1979

Signert: 02.04.2024 16.54

Signert med BankID

Gert Christian Strindberg

05.09.1963

Signert: 03.04.2024 08.20

Signert med BankID

Marianne Furheim

11.06.1978

Signert: 03.04.2024 07.49

Signert med BankID

Monica Gudmundsen

11.10.1977

Signert: 02.04.2024 17.50

Signert med BankID

Trond Helge Nyegaard

Signert: 02.04.2024 17.04

22.04.1967

Signert med BankID

Du kan bruke denne linken for å verifisere signaturen på dokumentet og sjekke at dokumentet ikke er endret etter at det ble signert: <https://brd.no/signing/validate>



Bård